

Regionale miljøtilskot i jordbruket Vestland

2023 – 2026

Webinar 14.juni 2023



Statsforvaltaren i Vestland



03.07.2023

Temaside for RMP i Vestland:

www.statsforvaltaren.no/vl/rmp



Statsforvaltaren i Vestland



03.07.2023



§ 4 Drift av bratt areal

Status: Uendra

- Obs!
 - Tilskot frå og med 1.dekar
- Førebelse satsar:
 - Gras 1:5: 361kr/daa
 - Gras 1:3: 542kr/daa
 - Hagebruk 1:5: 867kr/daa
 - Hagebruk 1:3: 1301kr/daa





§5 Drift av beitelag

Status: Uendra

- Obs!
 - Rapporteringskrava **SKAL** vera oppfylt for at søknad skal godkjennast (krav frå faglaga)
 - Etterspør manglande rapportering (kan ettersendast)
 - Oppfølging av lag som ikkje kvalifiserer for tilskot (Ynskje om utmarksbeiteprosjekt og styrka fokus på beitelaga. Beitelaga gjer ein kjempeviktig jobb!)
- Førebelse satsar: 35kr/storfe og hest, 25kr/småfe





§6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

Status: **Nytt tiltak!**

- Omfattar:

Skjøtselsbeiting med ammegeit, kje, bukkar og kastratar på innmarksbeite som ikkje vert slått, beitepussa eller gjødsla

- Førebles sats: 350kr/dyr



- Innhald:
- Innmarksbeitet skal **berre preg av attgroing** og ha innslag av busker og/eller renningar av tre ved beitestart.
- Skjøtselsbeitinga skal gjennomførast med **høveleg beitetrykk (effekt, men nok mat)**.
- Beitinga skal **kombinerast med manuell skjøtsel** slik at ringborka og døyande tre vert felte, og at felt virke blir fjerna eller lagra diskret i terrenget.
- **Bilde av beitet ved beitestart** skal leggjast ved søknaden.
- Det kan berre gjevast tilskot for eit areal i **maksimalt 5 år**. Eit areal kan delast opp i **fleire felt med skjøtsel i inntil 5 år per felt**, gitt at beitetrykket er tilpassa per felt.
- Tiltaket er avgrensa til **ugjødsla innmarksbeite** då desse jordbruksareala har størst potensiale for biologisk mangfald og er mest attgroingstruga med fare for tap av matproduserande areal, ope landskap og biologiske verdjar.
- Innmarksbeitet skal ha vore **ute av drift eller ekstensivt drive** slik at skjøtselsbeitinga kan bidra til å berge dei over nemnde verdiane.



§7 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark

Status: **Nytt tiltak!**

- Omfattar:
Sau på utmarksbeite frå og med 600 meter over havet
- Førebels sats: 25kr/dyr, inntil 100 sauer per føretak



- Innhald:
- Tiltaket gjeld sau over eitt år som beiter minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauen ligg minst 600 meter over havet.
- Føretaket vere medlem i eit beitelag.
- Dersom kun deler av buskapen har hovudbeiteområdet sitt over 600 moh, kan ein søke tilskot for den delen av buskapen som oppfyller høgdekravet.
- Namnet for beiteområdet for føretaket bør skrivast i merknadsfeltet i søknaden.
- Dei høgareliggande beita er dei mest verdifulle utmarksbeita med omsyn til beitekvalitet, dyrevelferd og klimavenleg beiting (albedo-effekten + matproduksjon på areal som elles ikkje kunne vore nytta til matproduksjon)





§8 Slått av verdifulle jordbrukslandskap

Stauts: **Uendra**

- Omfattar:
Slått og hausting av dyrka areal utan vegforbinding eller tilkomst med bilferje
- Førebels sats: 1250kr/daa, inntil 30 daa per føretak



§13 Skjøtsel av styvingstre

Status: Uendra

- Obs!
- Tilskotet gjeld berre tre som vert styva i søknadsåret
- Det kan ikkje løyvast tilskot for same styvingstre oftare enn kvart femte år
- Førebels sats: 500kr/styva tre, inntil 70 tre per føretak



§14 Soner for pollinerande insekt

Status: **Ny utforming!**

Gjeld kun utprøving i Lærdal kommune

- Førebels sats: 30kr/meter, inntil 600 meter per føretak



§16 Drift av seter

Status: justert

- Endringar:
 - Auka førebelse tilskotssatsar
 - Start- og sluttdato for stølsdrifta skal førast i merknadsfeltet i søknaden, men det bør ikkje vera avslagsgrunn om datoar ikkje er lagt inn
- Førebelse satsar: 80 000kr/støl (4-6 veker), 100 000kr/støl (over 6 veker), inntil 3 stølar per føretak



§17 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Status: **Uendra**

- Obs!

Søknadstalet for dette tiltaket gjekk mykje ned gjennom heile førre programperiode trass i auka satsar. Rapportar gjerne inn kvifor, om de veit.

- Førebelse satsar: 1000kr/daa beiting, 2000kr/daa slått, inntil 10 000kr per føretak





§18 Kantsoner i eng

Status: **Endra**

- Endringar:
 - Tiltaket gjeld mange nye vassdrag
 - Endra avstandskrav
 - Tilskot for inntil 1500 meter per føretak
- Førebels sats: 15kr/meter inntil 1500 meter per føretak



§19 Spreiing av all husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen

Status: **Endra**

- Endringar:
 - Tiltaket gjeld føretak med storfe med mjølkeproduksjon som disponerer areal i nedbørsfelt for elvemuslingsvassdrag
 - Ny tiltaksklasse: Spreiing i veksande kultur (nasjonal føring)
- Førebels sats: 180kr/daa, inntil 250 daa per føretak



§20 Nedlegging av husdyrgjødsel

Status: justert

- Endringar:
 - Er skilt frå nedfelling som eige tiltak
 - Er innført tiltaksklasse: Nedlegging i veksande kultur (nasjonal føring)
- Førebels sats: 50kr/daa, inntil 100 daa per føretak



§21 Nedfelling av husdyrgjødsel

Status: justert

- Endringar:
 - Er skilt frå nedlegging som eige tiltak
 - Er innført tiltaksklasse: Nedfelling i veksande kultur (nasjonal føring)
- Førebels sats: 50kr/daa, inntil 100 daa per føretak





§22 Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange

Status: justert

- Endringer: Er innført tiltaksklasse (nasjonal føring)
- Obs: Dei som nyttar tilførselslange må søka om to tilskot (nedfelling/nedlegging OG slangetilskot) for å få fullt tilskot
- Førebels sats: 250kr/daa, inntil 100 daa per føretak





§9 Slått av slåttemark

Status: Uendra

- Omfattar:
Slått av slåttemark og lauveng
registrert i Naturbase
- Førebels sats: 1250 kr/daa
inntil 40 daa pr føretak



§10 Beiting av kystlynghei

Status: **Uendra**

- **Omfattar:**
Vinterbeiting av kystlynghei registrert i Naturbase.
- **Obs!**
 - Vilkår ang. skjøtsel må òg vere oppfylt.
 - Dersom beitedyr frå ulike føretak på same areal, må arealet i søknaden delast mellom føretaka.
- **Førebels sats: 20 kr/daa inntil 500 daa pr føretak**



§11 Brenning av kystlynghei



Status: Justert

- **Omfattar:**
Brenning av kystlynghei som vert vinterbeita og som er registrert i Naturbase
- **Endringar:**
Brenning nær tidsintervallet 15.9 - 15.4 kan godkjennast dersom lokalt brannvesen har gitt samtykke til brenning
- **Obs!**
 - Dersom ulike føretak har felles brenning i same areal, må arealet delast.
 - Ved *delvis* brenning på eit areal, må ein manuelt legge inn tal daa faktisk brent.
- **Førebels sats: 400 kr/daa inntil 400 daa pr føretak**



§12 Skjøtsel av truga naturtypar

Status: **Uendra**

- **Omfattar:**
Beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase
- **Obs!**
Dersom beitedyr frå ulike føretak på same areal, må arealet i søknaden delast mellom føretaka.
- **Førebels sats: 100 kr/daa inntil 70 daa pr føretak**



§15 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Status: **Endra**

- Omfattar:
Vipe, åkerrikse og storspove
- Endringar:
 - «Vanleg RMP-ordning». Markere reir sjølv, *ikkje* avtale med Statsforvaltaren
 - Omfattar òg innmarksbeite
 - Krav om bilde av reir vedlagt søknaden
 - Nye tiltaksklassar
- Førebels sats: 1500 / 3000 kr/daa
inntil kr 20 000 kr pr foretak



§23 Nedkjemping av ugras i radkulturar

Status: **Nytt tiltak!**

- **Omfattar:**
Mekanisk bekjemping eller flammning av ugras i radkulturar, unnateke frukt og bær
- **Innhald:**
 - Ikkje plantevernmiddel før hausting
 - Ikkje tilskot når økologisk drift
- **Førebels sats: 300 kr/daa**
min 2 daa, max 100 daa pr føretak



§24 Fangvekstar sådd etter hausting

Status: **Nytt tiltak!**

- **Omfattar:**
Fangvekstar sådd straks etter hausting av tidlegkulturar av potet, rotvekstar og grønsaker



■ Innhald:

- Fangveksten skal vere godt etablert om hausten:
god rotstruktur og jamnt og tett plantedekke
- Det blir ikkje gitt tilskot til attlegg der fangveksten er hovudvekst neste år.
- Arealet skal ikkje sprøytast med plantevernmiddel eller gjødslast om hausten.
- Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars påfølgande år.
Det er likevel tillate med grunn harving / utjamning av såbedd etter hausting for å sikre god etablering av fangveksten.

- Førebels sats: 350 kr/daa
min 2 daa, max 70 daa pr føretak





§26 Klimarådgjeving

Status: Uendra

- **Obs!**
 - Kun klimarådgjeving frå godkjent rådgjevar
 - Klimatiltaksplan SKAL vere vedlagt for at søknaden skal godkjennast (kan ettersendast)
 - Tiltaksplanen skal oppdaterast for kvar ny runde med klimarådgjeving
- **8000 / 6000 / 2000 kr for fullført klimarådgjeving**